

TIL MOR OG FAR SIN SYLVERLYAUPSDAG - 3. JUNI 1944.

oooooooooooooooooooo

Tone : "Rett som örnen stiger."

Våren kring oss leikar - Summen er nær -
Lint kring koll og kneiker - Milde vindar fer -
Fuglar kved og syng - mellom lauv og lyng.

Vi tilbake skrider - fem-og-tjus år -
I dei gamle tider - var det og så vår -
Våren, skeperfest, - lokker frem til prest.

Der vert signen vunnen - Allting gjekk så greitt :
Brudgomen vert bunden - Så var tom blitt eitt -
Jeu då, far og mor - gleda var veldig stor !

Alt så fint seg lagar : Etter vår kjem vår -
Etter dag kjem dager - Etter år kjem år -
Ja, så står vi her - som adeg alle serer -

Mengt i hugen strøymer denne høgtidsstund -
Minnekrensen gøymer - sol på heimleg grunn -
- Kjære mor og far ; Takk for det de var !

Takk for ljós og lagnad - Takk for fred og frygd -
Takk for fager fsgnad - Takk for død og dygd -
Fire jubler her ; Takk for det de er !

Takk for de vil vere - som de var og er !
Mattede vi få ære - dykk vi her såkjer -
- Far i høge hei ; Du må signa deim !

Signe helg og vyrke - Signe slit og fest -
Sign med kraft og styrke - slik dei treng det best -
Lyft ditt edelsbrev - over deira strev !

Då blir heimen kyrkje - stigen opp mot Gud -
Då blir kvardegsyrke - deira høgtidsskrud -
Då blir hugen full - av ditt himmelgull.

Når mot kveld det stunder - lat dei skode få -
dine livsens lundsr - bak det kvardegsgrå -
- Gjev din himmelfred - heilt til sol går ned !

oooooooooooo

Ingeomund, Oddny, Sigurd og Knut.